

Reguleringsmyndigheita for Energi (RME)
v/ Ove Flataker
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo
rme@nve.no

25.05.2020

Fråsegn i høyring av framlegg til endring i nettleigestructuren (Referanse 202001392)

I samband med høyring av innspel på framlegg til endring av forskrift om kontroll av nettverksemd «Del V Tariffer i forskrift av 11. mars 1999 nr. 302 om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffer» med NVE referanse 202001392, leverer Sognekraft sitt fråsegn i saka.

Generell vurdering av RMEs framlegg til endringar i nettleigestructuren

Sognekraft er overordna positivt innstilt til RMEs framlegg til endringar i nettleigestructuren. Spesielt helsar Sognekraft framlegget om nettselskapas mogelegheit til val av nettleigemodell bland eit avgrensa tal nettleigemodellar velkomen. RMEs tre framlagte nettleigemodellar gir, etter Sognekrafts oppfatning, nettselskapa hensiktsmessige og gode alternative tariffmodellar, som samstundes formidlar tydelege prissignal til nettkundane med omsyn på behov for og bruk av nettkapasitet. Med omsyn på nettverksemdas komande sjølvstendige posisjon og rolle hjå nettkundane, nettkundanes informasjonsbehov og deira avgrensa innsikt i kraftbransjen, nettverksemd med tilhøyrande reguleringar, vil sannsynlegvis tariffmodell «Målt effekt» vere enklast, mest transparent og mest praktisk for både nettselskap og nettkunde i høve handtering, innsikt og kommunikasjon. Likevel støttar Sognekraft RMEs framlegg om tre alternative tariffmodellar, då dette samstundes vil gje nettbransjen og nettkundane mogelegheit til å hauste verdifulle erfaringar og innsikt med bruk av ulike tariffmodellar over tid. Sognekraft delar også RMEs oppfatning om behovet for standardisering i form av avgrensa tal ulike tariffmodellar. Sognekraft stiller seg også svært positiv til RMEs openheit for mogelegheita til å kombinere «Målt effekt» og «Sikringsdiffernsiert nettleige».

RMEs spesifikke tilnærming til energiledet og dets funksjon og mål innanfor nettleigemodellane støttast også av Sognekraft. Energiledet bør reflektere marginaltapet i nettet generert av nettkundens bruk av straumnett - så lenge nettkapasiteten er god. Kostnaden for bruk av eit høgt belasta straumnett er høgare enn marginaltapet. Sognekraft

støttar slikt sett RMEs tilnærming til ei differensiering av energileddet med omsyn på tid og/eller belastning.

Vidare støttar Sognekraft RMEs framlegg om differensiering av fastleddet med omsyn til nettkundens behov for nettkapasitet.

Etter Sognekrafts oppfatning burde effektleddet avreknast på månadleg basis, då avrekning per døgn gir ei urealistisk og undervurdert samanheng mellom effektbruk, nettkapasitet og nettinvesteringskostnadar. Effektbruk er dimensjonerande for nettinvesteringskostnadane – uavhengig av hyppigheit. Etter Sognekrafts oppfatning vil effektledd med månadleg avrekning i mykje større grad sensibilisere nettkundane i høve deira effektbruk og effektbehov – og dermed verke meir dempende på framtidige nettinvesteringskostnadar; og dermed vere meir hensiktsmessig og verknadsfullt med omsyn på dimensjonering av nettkapasitet, framtidige nettinvesteringskostnadar og effektiv utnytting av nettkapasitet. Følgjeleg anbefalar Sognekraft RME å fjerne krav om avrekning av effektleddet per døgn for både privat- og næringskundar.

Sognekraft støttar RMEs framlegg om ikraftsetjing av Del I 1. januar 2021. Vidare støttar også Sognekrafts RMEs framlegg om ikraftsetjing av Del II 1. januar 2022. Når det gjeld overgangsordningane til Del II, er etter Sognekrafts oppfatning 5 år for privatkundar for lang tilpassingsperiode. 3 år burde være tilstrekkeleg – også for privatkundar. Sognekraft skulle gjerne ha sett at energileddet i tariffane vert redusert til om lag marginaltapskostnad med tilsvarende auke i fastledd og/eller effektledd innan 1. januar 2025 – både for privat- og næringskundar.

Sognekrafts spesifikke fråsegn til RMEs framlegg til endringar i forskrift om kontroll av nettverksemd (forskrift 11. mars 1999 nr. 302)

1. Sognekrafts fråsegn til første framlegg (3.2.1): «Prinsipper for utforming av punkttariffer – Forslag til ny § 13-1»

Sognekraft støttar RMEs framlegg til ny § 13-1.

2. Sognekrafts fråsegn til andre framlegg (3.3.1): «Alminnelige regler for tariffing – Forslag til ny § 13-2»

Sognekraft støttar RMEs framlegg til ny § 13-2.

3. Sognekrafts fråsegn til tredje framlegg (3.4.1): «Bruksavhengige tariffledd og andre tariffledd – Forslag om å oppheve § 13-3»

Sognekraft støttar RMEs framlegg om å oppheve § 13-3.

4. Sognekrafts fråsegn til tredje framlegg (3.4.2): «Bruksavhengige tariffledd og andre tariffledd – Forslag om å oppheve § 13-4»

Sognekraft støttar RMEs framlegg om å oppheve § 13-4.

5. Sognekrafts fråsegn til femte framlegg (3.5.1):
«Informasjonsplikt – Forslag til ny § 13-5»

Sognekraft støttar RMEs framlegg til ny § 13-5. Prinsippet om bruk av eit standardisert grensesnitt for utveksling av tariffinformasjon støttast av Sognekraft. Om funksjonelt mogeleg vil Elhub vere eit svært godt eigna grensesnitt til utveksling av tariffinformasjon.

6. Sognekrafts fråsegn til sjette framlegg (3.6.1): «Utforming av tariffar for ordinære uttak i distribusjonsnett – Forslag til ny §14-2»

Sognekraft støttar RMEs framlegg til ny § 14-2 i si heilheit med unntak av avrekningsmodaliteten for effektleddet. I staden for avrekning av effektleddet per døgn, bør effektleddet avreknast på månadleg basis, då dette å betydeleg større grad gjer samsvar mellom effektbruk, effektbehov, nettkapasitet og naudsynte nettinvesteringar. Månadleg avrekning vil over tid verke meir dempande på framtidige nettinvesteringskostnadar og dermed bidra til meir effektiv utnytting og betre utvikling av straumnett over tid.

Elles er Sognekraft svært positiv til RMEs framlegg om 3 ulike nettleigemodellar og tilhøyrande valmogelegheit. Standardisering i form av avgrensing til 3 ulike nettleigemodellar verkar både hensiktsmessig og fornuftig med omsyn på harmonisering og erfaringssamling ved bruk av dei ulike modellane over tid.

Sognekraft stiller seg positivt til RMEs framlegg om valfriheit i høve å bruke eit påslag i energileddet for å jamne ut effekt-toppar. Valfriheit gjer nettselskapa mogelegheita til å velje eigna verkemiddel bland både ulike modellar og ledd med omsyn på å jamne ut effekt-toppar. Intuitivt verkar progressiv prising av effekt-leddet som eit meir effektivt verkemiddel mot effekt-toppar enn eit påslag i energileddet. For andre modellar enn «Målt effekt» kan tilsvarande prisjustering av fastleddet potensielt vere meir verknadsfullt

enn prispåslag i energiledet. Valfriheit gjer nettbransjen moglegheit til å samle erfaringar ved ulike tilnærmingar.

7. Sognekrafts fråsegn til sjuande framlegg (3.7.1): «Ikrafttredelse og overgangsbestemmelser»

Sognekraft støttar RMEs framlegg om ikraftsetjing av Del I 1. januar 2021.

Sognekraft støttar RMEs framlegg om ikraftsetjing av Del II 1. januar 2022.

Overgangsordningane bør avgrensast til 3 år for både privat- og næringskundar, då dette er ein tilstrekkeleg tilpassingsperiode. 5 år er for lenge med omsyn på avgrensa økonomisk nettleigeendring per nettkunde som følgje av modellendringa. Vidare vil 3 år vere tilstrekkeleg tilvenningsperiode med omsyn til kommunikasjon mellom nettselskap og nettkunde og naudsynt innsikt/forståing for nettkundane. Følgjeleg bør reduksjon av energiledd og auke av fastledd og/eller effektledd vere endeleg innan 1. januar 2025 for både privat- og næringskundar.

Med venleg helsing,



Stian J. Frøiland

Nettsjef

Sognekraft AS

T: +47 45 97 06 16

E-post: stian.froiland@sognekraft.no